

## Referat:

**Dato:** 18.02.2020  
**Tid:** 12:00 – 14:30  
**Referent:** Erling Varlid

**Sakshandsamar:** Erling Varlid  
**Tlf sakshand:** 90190057  
**Vår dato:** 24.02.2020

## Styringsgruppa for Førdepakken

<b>Møtenr:</b>	1–2020
<b>Stad:</b>	Førde – Prosjektkontor Førdepakken og Skype
<b>Møteleiar:</b>	Kjartan J. Hove
<b>Til stades:</b>	Ole John Østenstad (OJØ), Tore Eriksen (TE), Kjartan J. Hove (KJH), Vigdis Lobenz (VL), Erling Varlid (EV), Lise Mari Haugen (LMH), Kaisa Tonheim Banne (KTB)
<b>Forfall:</b>	

V: Vedtak, O: Orientering

Punkt	Sak	Ansvar/Frist
	<b>Oppfølgingssaker:</b> Alle oppfølgingssaker frå møte den 04.11.19 vart utkvitterte slik møteinnkallinga til 18.02.20 synte.	
01/2020	<b>Statusrapport alle tiltak pr. febr.2020:</b> Statusrapporten var utsendt saman med innkallinga, prosjektleiaren gjekk gjennom rapporten og utdjupa.	



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen

	<p><b>Styringsgruppa knytte slike vedtak til rapporten:</b></p> <p><b>Under tiltak 14:</b> SVV må legge ved eit notat, når reguleringsplanen vert sendt for slutthandsaming i kommunen, der utfordringa med å bygge tunell i sør i staden for tiltak 14 blir drøfta.</p> <p><b>Under tiltak 20:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) SVV Førdepakken vert bedt om å starte reguleringa.</li> <li>b) Styringsgruppa ber også om ei utgreiing til neste møte på kva moglegheiter ein har for å flytte tiltak 20 opp på «økonomisk trygg plass». Kor høgt på lista må ein ? Kva andre tiltak går då heilt ut ? Kven har mynde til å fatte vedtak ?</li> </ul>	EV
02/2020	<p><b>Kommunikasjonsstrategien i Førdepakken.</b></p> <p>Styringsgruppa sitt vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Anleggsarbeida må skiltast betre, kven bygger, kor tid ferdig med meir. Dette som vanleg på andre anlegg.</li> <li>b) SVV Førdepakken sender over kommunikasjonsplanen til Sunnfjord kommune som kjem med framlegg til endringar/tillegg.</li> <li>c) Vert å ta att på neste møte i styringsgruppa.</li> </ul>	
03/2020	<p><b>Framdrift i Førdepakken:</b></p> <p>Styringsgruppa tek orienteringa til etterretning.</p>	
04/2020	<p><b>Justering av bomtakstane, drøfting av prinsipp:</b></p> <p>Styringsgruppa tek saksutgreiinga til orientering.</p>	
05/2020	<p><b>Refusjon av lønnskostnadar for Sunnfjord kommune sin prosjektleiar:</b></p>	

	<p>a) Styringsgruppa finn at Førdepakken betaler den omtvasta fakturaen på kr.183.500,- samt 75% av løna i 2019.</p> <p>b) SVV sjekkar opp om det har vore gjeve lovnadar om dekking av meir enn 50% lønn også etter 01.01.20.</p> <p>c) Vert å ta att på neste møte i styringsgruppa.</p>	KJH
06/2020	<p><b>Bruk av 100million – potten:</b></p> <p>Styringsgruppa drøfta prinsippa i stortingsproppen og kva desse midlane kan nytast til, kan dei til dømes nyttast til å fullfinansiere eit tiltak der vi ikkje har nok finansiering ?</p> <p>a) Mellom pkt. 7 og 8 i framdriftsplanen (sjå saksutgreiinga) skal det leggest inn handsaming i fylkeskommunen.</p> <p>b) Ber om ei utgreiing til neste møte i styringsgruppa.</p>	
07/2020	<p><b>Endringar som følgje av omorganiseringane</b></p> <p>Her kom fylkeskommunen med slikt innspel til møtet, sitat:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. <i>Styringsgruppa etablerer ei fagleg koordineringsgruppe som m.a. skal ivareta det fylkeskommunale vegeigaransvaret, jf. den nye arbeidsdelinga mellom staten og fylkeskommunen innan vegsektoren. Ei slik gruppe kan gjerne ha 2-3 møte pr. år, oftare viss behov. Prosjektleiaren (SVV) får i oppgåve å drøfte dette med fylkeskommunen sine nye vegavdeling (Infrastruktur og veg), etablere ei slik gruppe og leie gruppa sitt arbeid.</i></li> <li>2. <i>Styringsgruppa har ikkje noko å merke til at medlemene i styringsgruppa tek med seg observatørar i møta. Styringsgruppa aksepterer ut frå dette at også seksjonsleiar John Martin Jacobsen (Infrastruktur og veg) vert innkalla til møta.</i></li> </ol>	

	<p>Styringsgruppa drøfta med utgangspunkt i innspelet ulike måtar å organisere arbeidet mot den nye avdelinga «Infrastruktur og veg» i fylkeskommunen.</p> <p>Vart samde om at pkt.2 står som i innspelet medan prosjektleiar i Førdepakken fekk fullmakt til å drøfte med fylkeskommunen korleis dette arbeidet best mogeleg kan organiserast.</p>	
08/2020	<p><b>Årsrapport 2020:</b>  Årsrapporten var utsendt til medlemmane i styringsgruppa, prosjektleiar opplyste at rapporten ikkje inneheld noko nytt for styringsgruppa.  –Styringsgruppa tok rapporten til orientering.</p>	
	<p><b>YMSE</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Neste styringsgruppemøte: 23.06.2020, kl.12 – 14.</li> <li>• Førdepakken sender innkalling for reservasjon av tidspunktet.</li> </ul>	EV